



Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Haram

Dato: 15.3.18

Tid: 8.30-14.00

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland	<i>Skodje</i>
Svein Johansen (vara)	<i>Ålesund</i>
Kim A. Breivik	<i>Sandøy</i>
Kristin Nonsvik (vara)	<i>Ålesund (TV, NITO)</i>
Morten Sloth-Fjordside	<i>Ørskog</i>
Kjell Sindre Johansen	<i>Haram</i>

Forfall: Bjørn Skulstad, David Chris Mertsching

Saksliste:

Synfaring på kommunelageret (Vatne), generell informasjon om prosjektet, informasjon frå A2 –kommunikasjon, status VA-Norm, oppretting av nye arbeidsgrupperunder A9.

Referat og konklusjonar:

Møtet starta med synfaring på sentrallageret på Vatne, Vatnevegen 484. Dette er eitt kommunalt bygg på stor kommunal eigedom. Bygget inneheld verkstad, lager, spiserom, garderobe, kontor og er oppmøtestad for driftsoperatørane.

Orientering om saker frå prosjektleiarmøte 13.3.

- Delprosjektet har ikkje fått avklart budsjett til mellom anna innleige av ekstern bistand. Leiar må skrive søknad i saksbehandlingssystemet.
- Alle delprosjekt må sette opp klare milepælar i prosjektportalen.
- Ingen nye avtalar må inngåast utan avklaring med konserninnkjøp.
- Delprosjekta vert oppmoda om å bruke skype meir, for å redusere reisetid og gjere bruk av møtetid meir effektiv.
- Det kan bli endringar i prosjektorganiseringa, også dei etablerte gruppene.
- Forlag til overordna administrativ organisering blir sendt ut på høyring 19.mars med frist 12.4.18. Fellesnemnda vil få forslaget lagt fram for vedtak i sitt møte 9.mai. Etter dette skal alle dei overordna leirane innplasserast i den nye organisasjonen innan utgangen v september 2018. Desse vil då arbeide vidare med organisering av verksemder/einingar under sine tenesteområde. Alle tilsette i heile organisasjonen skal vere innplassert i sine stillingar innan april 2019.
- Det er frå prosjektleiaren oppmoda om at alle må bidra, og strekke seg for at vi skal lykkast.
- Det vil snarleg bli starta opp nye delprosjekt for kultur, eigedom/eigedomshandling og beredskap/samfunnssikkerheit.

- I sak om overordna organisering med høyring frå 19.3.-12.4., har vi i A9 ikkje møte i denne perioden. Det er truleg ikkje aktuelt å sende høyringsuttale frå A9 om organiseringa, dersom det er ynskjeleg vert det samordna på e-post. Ut frå signal om at leiarteamet rundt rådmann vert bestående av 6 kommunalområde og at ei eventuell omstrukturering av prosjektet i denne fasen vil samsvare med dei framtidige kommunalområda, er dette langt på veg i tråd med dei innspela delprosjektlear sendte etter leiarmøte i Ålesund 29.1.18.
- Det var omsnakka ei eventuell samordning med andre fagområde, då særleg veg. Dette har delprosjektet omtalt tidlegare, og ser store synergjar med ei slik samordning.
- Neste møte som var oppsett 12.4 flyttast til 13.april, på grunn av kollisjon med KS-seminar på Gardermoen.
- Anne Bente Skjellum orienterte om kommunikasjonsarbeidet i prosjektet. Dette er ein støttefunksjon i prosjektet som skal bidra når vi har behov for å nå ut med informasjon til tilsette, brukarar etc. Det er utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi og tiltaksplan som ligg på nyealesund.no. Kommunikasjonsteamet skal legge til rette for god kommunikasjon, sikre openheit, demokratisk medverknad og skape tillit og entusiasme rundt prosjektet. Prosessen skal vere open, transparent, og syte for omdømebygging. Kristina (Sandøy) er utpeika som kommunikasjonsrådgjevar for A9, og skal syte for at referat vert lagt på heimesida etc.

Det var spørsmål om kva som er gjort i A1, det ligg på denne sida:
<http://nyealesund.no/om-nye-alesund-kommune/delprosjekt/administrasjon/17-personal-og-omstilling>

Det er oppretta eiga heimeside, Facebookside, YouTube og Instagramside for nye Ålesund. Ei oppfordring frå kommunikasjon er at vi må spille inn gode saker som kan publiserast, for å skape kunnskap om kva vi gjer og for å «feire sigrar».

For A9 har vi spela inn til nyheitsbrevva kva vi har arbeidd med, og vil også sende innspel om kva vi gjer framover. For tilsette er det viktig at det vert kjent kva vi gjer, kvifor og når. For å unngå unødig spekulasjon rundt om i organisasjonane, må vi også få ut kva som ikkje skjer.

Vårt oppdrag gjennom mandatet er å utarbeide eitt best muleg kunnskapsgrunnlag for fellesnemnda sine beslutningar.

Det er som tidlegare omtalt vesentleg å synleggjøre dei avhengigheten som finnast ute i kommunane, mellom Anna det at mange av dei tilsette i teknisk er med i deltidbrannvesenet.

- Status VA-Norm. Arbeidsgruppa skal ha fellesmøte på Finnøya i slutten av april. Det vert sett opp eitt felles møte til i løpet av våren for å fullføre arbeidet før ferien. Dei kommunane som ikkje har vedtak om felles va-norm frå 2015 eller vedtak om mandat til revidering må sende sak til kommunestyret. Dette gjeld Ørskog og Haram.
- Vi drøfta behov for å sette ned ei arbeidsgruppe for samordning av system for gebyr. Kommunane har noko ulikt oppbygde system som også innebefattar t.d. feiing, vassmålar og eigedomsskatt. Her må det avklarast om det må anskaffast nytt system. Kim tek opp med innkjøp/prosjektleiing. Kvar kommune finn sin deltakar til denne gruppa til neste møte.
- Fellesnemnda sitt vedtak av 15.2., om innretning om eigarskap var omtalt. Saka nr. 003/18 ligg under fellesnemndmøte 15.2. på <http://www.nyealesund.no/politikk/moteplan> Ut frå vedtaket gjer ikkje A9 noko med renovasjon i denne fasen av prosjektarbeidet. Om prosjektleiar har behov for det, vil vi kunne ta del i eit forhandlingsutval for reforhandling av selskapsavtalen. Det må likevel gjerast avklaringar om kvar dei kommunale renovasjonstenestene skal plasserast inn i organisasjonen.
- Agenda for neste møte 13.4.18, Ørskog: Synfaring på kommunens lager. Kravspesifikasjon på innkjøp av ekstern bistand for snarlig utlysing av konkurranse.

Harøy 15.3.18

Kim A. Breivik, ref.